



BOKN KOMMUNE

Politimesteren Sør-Vest politidistrikt

Vår ref.:
16/603-2/K1-//JEN

Dykkar ref.:

Dato:
24.11.2016

NÆRPOLITIREFORMA - FORSLAG TIL EFFEKTIVISERING AV DEN LOKALE STRUKTUREN I POLITIDISTRIKTET - HØYRINGSUTTALE FRÅ BOKN KOMMUNE.

Bokn kommune viser til Politimesteren i Sør-Vest Politidistrikt sitt utsendte høyringsframlegg til effektivisering av politidistriktet sin lokale struktur, med høyringsfrist 01.12.2016.

Reforma har fått namnet Nærpolitireform, samtidig som det legges opp til ei brei nedbygging av lensmannskontora i distriktet. Bokn kommune er i utgangspunktet skeptiske til ei slik omfattande nedbygging. Vi er opptatt av å ha eit politi som er tilgjengeleg, eit politi som kjenner oss og har god kunnskap om kommunen og om folka som bur her.

Med desse merknadene vil Bokn kommune likevel slutte seg til Politimesteren sitt forslag til organisering av tenesteeiningar og tenestestader.

Bokn kommune oppfattar forslaget slik at det ikkje blir oppretta eigen lokasjon på Bokn, men at det blir oppretta ein politikontakt tilsvarande som i Tysvær. Vi gjer rekning med at Politimesteren vil koma tilbake med forslag til samarbeidsform og oppgåver politikontakten skal ha opp mot Bokn kommune for å imøtekomma kommunens forventningar til den nye nærpolitireforma.

I høyringsframlegget vises det til 2 alternativ når det gjeld geografisk distriktsinndeling (GDE).

Bokn kommune går inn for at det legges til rette for 7 geografiske distriktsinndelingar.

Med helsing

Tormod Våga
Ordførar

Jan Erik Nygaard
Rådmann